



# INKLUDERING

Likeverdig opplæring

Integrering

Tilpassa opplæring

Spesialundervisning

Inkluderande opplæring

Ordinær undervisning

# Barnehagelova

- **§ 1. Formål**

- Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og dannelse som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.
- Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.
- Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.
- Endret ved lov 19 des 2008 nr. 119 (ikr. 1 aug 2010 iflg. res. 18 juni 2010 nr. 828).

- **§ 2. Barnehagens innhold**

- Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter.
- Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.
- Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.
- Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.
- Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller.
- Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver.
- Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold.

# Rammeplan for barnehagen

## I.1. Barnehagens verdigrunnlag

Barnehagen skal formidle grunnleggende verdier som fellesskap, omsorg og medansvar og representere et miljø som bygger opp om respekt for menneskeverd og **retten til å være forskjellige**. Menneskelig likeverd, åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse og solidaritet er sentrale samfunnsverdier som skal legges til grunn for omsorg, danning, lek og læring i barnehagen.

Nestekjærlighet, solidaritet, toleranse og respekt skal være grunnleggende verdier i barnehagen. I barnehagen er det av stor betydning at barna får oppleve varme og kjærlighet. I barnegruppen kan de utvikle solidaritet med andre barn. Innlevelse i andre menneskers situasjon vil bidra til medmenneskelighet, solidaritet og toleranse. I et globalt perspektiv er det av stor betydning at barn utvikler nestekjærlighet og solidariske holdninger. Barnehagen skal legge grunnlag for livslang læring og aktiv deltakelse i et demokratisk samfunn i nær forståelse og samarbeid med barna hjem.

## 1.9. Inkluderende fellesskap med plass til det enkelte barn

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

**Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.**

Barn under opplæringspliktig alder er ikke en ensartet gruppe, og barn møter barnehagen med ulike forutsetninger. **Likeverdige barnehagetilbud av god kvalitet krever derfor individuell tilrettelegging av tilbudet og lokal tilpasning av innholdet.**

Barnehagens innhold skal utformes slik at det kan oppleves meningsfullt for det enkelte barn og gruppen. Barnehagens omsorgs- og læringsmiljø skal fremme barns trivsel, livsglede, mestring og følelse av egenverd. Barnehagen må gi det enkelte barnet støtte og utfordringer ut fra egne forutsetninger og bidra til **et meningsfullt liv i fellesskap med andre barn og voksne.**

**Personalet har ansvar for at alle barn, uansett funksjonsnivå, alder, kjønn og familiebakgrunn får oppleve at de selv og alle i gruppen er betydningsfulle personer for fellesskapet.** Barnehagen skal være et miljø hvor ulike individer og ulike kulturelle yringer møtes **i respekt for det som er forskjellig.** Å belyse ulikhetene og det som er felles kan gi grunnlag for forståelse og innsikt. Et møte med noe som er forskjellig fra ens eget, gir muligheter for å utvikle en positiv nysgjerrighet overfor menneskers og kulturers likheter og ulikheter. Barnehagens innhold må formidles på en måte som gjør at ulike barn kan ta del på ulike måter, ut fra egne interesser, kompetanser og utviklingsnivå.

Barnehagen har et særlig ansvar for å forebygge vansker og å oppdage barn med særskilte behov. For disse barna kan det være aktuelt å gi et spesielt tilrettelagt tilbud. Tilretteleggingen kan gjelde både sosiale, pedagogiske og/eller fysiske forhold i barnehagen. Foreldre og eventuelt støtteapparat rundt barna er viktige samarbeidsparter for barnehagen, jf. kapittel 5.

Barnehagens dagligliv skal preges av samvær som innebærer at personalet lytter, støtter og utfordrer barn. Barnehagen skal fremme positive handlinger som motvirker avvising, mobbing og vold. Personalet må medvirke til at **hvert enkelt barns individualitet og behov for selvtfoldelse kan skje i trygghet og innenfor fellesskapets normer og regler.**

# Opplæringslova

- **§ 3-1. Tilpassa opplæring og tidleg innsats**

Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven.

På 1. til 4. årstrinn skal kommunen sørge for at den tilpassa opplæringa i norsk eller samisk og matematikk mellom anna inneber særleg høg lærartettleik, og er særleg retta mot elevar med svak dugleik i lesing og rekning.

- **§ 2-1. Rett og plikt til grunnskoleopplæring**

Barn og unge har plikt til grunnskoleopplæring, og rett til ein offentleg grunnskoleopplæring i samsvar med denne lova og tilhøyrande forskrifter.

# LK 06 Generell del

- **Innleiing**

Utgangspunktet for oppfostringa av elevane er deira ulike personlege føresetnader, sosiale bakgrunn og lokale tilhør. Opplæringa skal tilpassast til kvar einskild. Større likskap i resultat blir skapt gjennom ulikskap i den innsats som blir retta mot kvar einskild elev. Breidd i dugleik blir skapt ved å stimulere ulike interesser og anlegg hos elevane. Særpreg ved den einskilde gir sosialt mangfald - likskap i evne til å delta gjer samfunnet rikt.

- **Det meiningssøkjande mennesket**

Dei kristne og humanistiske verdiane både fordrar og fremjar toleranse og gir rom for andre kulturar og skikkar.

Vår kristne og humanistiske tradisjon legg likeverd, menneskerettar og rasjonalitet til grunn.

Oppfostringa skal byggje på det syn at menneske er likeverdige og menneskeverdet ukrenkjeleg. Ho skal grunnfeste trua på at alle er unike: kvar og ein kan komme vidare i eigen vokster, og individuell eigenart gjer samfunnet rikt og mangfaldig. Oppfostringa skal fremje likestilling mellom kjønn og solidaritet på tvers av grupper og grenser. Ho skal vise kunnskap som ei skapande og omformande kraft, både til personleg utvikling og humane samkvemsformer.

Mange menneske er funksjonshemma i høve til sine omgivnader. Oppfostringa må formidle kunnskapar om og fremje likeverd og solidaritet med dei som har andre føresetnader enn fleirtalet. Og ho må skape skjønn for at vi alle kan rammast av sjukdom eller skade, nød eller nederlag, slag eller sorg, som kan gjere kven som helst avhengig av andres omsut.

- **Det arbeidande mennesket**

### **Tilpassa opplæring**

Skolen skal ha rom for alle, og lærarane må derfor ha blikk for den einskilde.

Undervisninga må tilpassast ikkje berre til fag og stoff, men også til alderstrinn og utviklingsnivå, til den einskilde eleven og den samansette klassen. Det pedagogiske opplegget må vere breitt nok til at læraren ledig og lagleg kan møte elevforskjellane i evner og utviklingsrytme. Levereglar aleine gjer ikkje omsorg og omtanke. Læraren må bruke både mangfaldet i elevgivnadene, variasjonen i klassen og breidda i skolen som ressurs for alle si utvikling og allsidig utvikling. Ein god skole og ein god klasse skal gi rom nok for alle til å brynast og rørast, og han må vise særleg omtanke og omsut når nokon kjører seg fast eller strevar stridt og kan misse motet. Solidariteten må komme til uttrykk både overfor dei som har særlege vanskar og ved overgangar mellom trinn og skoleslag.

# LK 06 Prinsipp for opplæringa

... Samtidig skal skolen og lærebedrifta ta omsyn til at elevane har ulike føresetnader og ulik progresjon, slik at alle kan oppleve glede ved å mestre og å nå måla sine. Lærarar og instruktørar skal saman med skoleleiinga og leiinga for lærebedrifta fremme eit godt læringsmiljø for alle.

Skolen og lærebedrifta skal:

gi alle elevar og lærlingar/lærekandidatar like gode føresetnader for å utvikle evner og talent individuelt og i samarbeid med andre (*Oppl.l. § 1-2 og kap. 5 og den generelle delen av læreplanverket*)

fremme tilpassa opplæring og varierte arbeidsmåtar (*Oppl.l. § 1-2 og kap. 5, og den generelle delen av læreplanverket*)

Sosial og kulturell kompetanse:

**Eit tydeleg verdigrunnlag og brei kulturforståing er grunnleggjande for eit inkluderande sosialt fellesskap og eit læringsfellesskap der mangfaldet blir sett høgt og respektert.** I eit slikt læringsmiljø er det rom for samarbeid, dialog og meiningsbryting. Elevane får delta i demokratiske prosessar og kan slik utvikle demokratisk sinnelag og forståing for at aktiv og engasjert deltaking er viktig i eit mangfaldig samfunn.



## Tilpassa opplæring og likeverdige føresetnader:

**Tilpassa opplæring innanfor fellesskapet er eit grunnleggjande element i fellesskolen.** Opplæringa skal leggjast til rette slik at elevane skal kunne gi noko til fellesskapet og også kunne oppleve glede ved å meistre og å nå måla sine.

Alle elevar skal i arbeidet med faga få møte utfordringar som gir dei noko å strekkje seg mot, og som dei kan meistre på eiga hand eller saman med andre. Det gjeld også elevar med særlege vanskar eller særlege evner og talent på ulike område. Når elevar arbeider saman med vaksne og med kvarandre, kan mangfaldet av evner og talent vere med på å styrkje læringa og utviklinga både for fellesskapet og for den einskilde. I opplæringa skal det mangfaldet elevane har i bakgrunn, føresetnader, interesser og talent møtast med eit mangfald av utfordringar. Uavhengig av kjønn, alder og sosial, geografisk, kulturell og språkleg bakgrunn skal alle elevar ha like gode høve til å utvikle seg gjennom arbeidet med faga **i eit inkluderande læringsmiljø.**

Tilpassa opplæring for kvar einskild elev er kjenneteikna ved variasjon i bruk av lærestoff, arbeidsmåtar og læremiddel og variasjon i organisering av og intensitet i opplæringa. Elevane har ulike utgangspunkt, bruker ulike læringsstrategiar og har ulik progresjon i forhold til nasjonalt fastsette kompetansemål. Føresegnene om spesialundervisning skal gjelde når det er nødvendig med meir omfattande tilpassing enn den som kan givast innanfor den ordinære opplæringa.

# Manifest mot mobbing

Eit forpliktande samarbeid for eit  
**godt og inkluderande oppvekst- og  
læringsmiljø**



# Salamanca-erklæringa

- Internasjonal erklæring i regi av FN (Unesco) som handlar om opplæring av personar med særskilde behov. 25 internasjonale organisasjonar og 92 nasjonar har skrive under denne (inkl. Norge)
- Overordna prinsipp for korleis ein skal organisere og planleggje spesialundervisning
- Fokus skiftar frå det einskilde barn sitt særskilde behov til korleis skulen kan imøtekomme alle barn

# Likeverdige opplæring

- Er eit nasjonalt mål
- Er eit overordna prinsipp som dekker alle sider ved opplæringa
- Gjeld heile opplæringa
- Individperspektiv og systemperspektiv
- Alle skal ha likt høve til opplæring, uavhengig av evner og føresetnader, alder, kjønn, hudfarge, sosial bakgrunn, seksuell orientering, religiøs eller etnisk tilhøyre, bustad, familien sin utdanning eller økonomien i heimen
- Er ikkje det same som lik handsaming
- Krev ulike formar for differensiering

# Integrering

- Eit omgrep med lang historie i norsk utdanning (inkludering er eit nyare omgrep)
- Historisk sett var segregering det normale
- Særordningar for dei som blei sett utanfor fellesskapen blei gradvis tatt bort
- I staden for segregering - utjamning og likskap, lik behandling
- Integrering handlar om rett til å vere i eit fellesskap, inkludering handlar i tillegg om retten til å vere forskjellig
- Integrering forstår ein ofte bare som fysisk tilrettelegging gjennom auka tilgjenge og betre organisering for deltaking i fellesskapet, t.d. for minoritetsspråklege og/eller funksjonshemma.

# Inkludering (Bacmann og Haug 2006)

- **Nytt omgrep**
  - Introdusert i L97. Ingen debatt. Blei utan vidare akseptert. Erstattast omgrepet integrering
- **Inkludering og tilpassa opplæring**
  - Overlappar kvarandre
  - Er føresetnader for kvarandre
  - Kan i nokre høve erstatte kvarandre
- **Index of inclusion 2000 og Inkluderingshåndboka 2001**
- **Fire sentrale arbeidsoppgåver**
  - Å auke fellesskapet
  - Å auke deltakinga
  - Å auke demokratiseringa
  - Å auke utbyttet
- **Forsking visar at: Det er ingen klar definisjon av inkludering. Ein er einig om det generelle, men det er svært ulik forståing og ulike meiningar når det kjem til praksis**



# Inkludering (Bacmann og Haug 2006) forts.

- Makroperspektiv (overordna)
  - Tal på elevar i spesielle tilbod og tilbod utanfor normalskulen aukar sannsynlegvis i Norge
  - Skilje mellom grupper, t.d. jenter og gutar
  - Norge er god i Europa
- Mikroperspektiv (undervisninga)
  - Kva gjer den inkluderande læraren?
    - Atmosfære i klasserommet
    - Fagleg innsikt
    - Samarbeid med foreldre
    - Samarbeid med skulen sin administrasjon og kollegium
    - Samarbeid med hjelpeapparat
    - Positive tilbakemeldingar til elevane
    - Deltaking, meistring, fellesskap, involvering og læring

# Inkludering (Bacmann og Haug 2006) forts.

- ”Inkludering bør ha alle som utgangspunkt og bli brukt som ideologisk omgrep, og ikkje som instrumentell handling i høve enkeltindivid.”
- **Smalt perspektiv:** Det einsskilte individ skal bli inkludert. (Dvs dei er i utgangspunktet gjort spesielle).
- **Vidt perspektiv:** Inkludering må ikkje vere eit spesialpedagogisk omgrep men gjelde alle barn/eleva og heile skulen



# Inkluderande opplæring

- Inkludering er eit grunnleggjande prinsipp, og både ein prosess og eit mål
- Utgangspunktet er menneska sin eigenart og like verdi
- Alle skal ta del i fellesskapet på ein likeverdige måte,  
- fagleg, sosialt og kulturelt
- Kjernen er å auke individet sin deltaking og utbytte av å delta, og reelt kunne påverke fellesskapet
- Inkludering inneber at barnehage og skule må vere i endring for å tilpasse seg dei som til ein kvar til er der
- Stiller krav til at barnehagen og skulen legg til rette for mangfald
- Stiller krav til pedagogen sin evne til å byggje relasjonar

# Tilpassa opplæring

- Er ein føresetnad for å gi likeverdig opplæring
- Å gi ein god og forsvarleg opplæring ut frå den einskilde sine evner og føresetnader
- Alle sider av opplæringsmiljøet skal ta omsyn til variasjon hos barna/elevane
- Tilrettelegging på individ- og gruppenivå
- Val av metodar
- Val av lærestoff
- Organisering
- Ein plikt for skuleeigar, leiar og pedagog, men ingen rett for eleven



- **Inkluderande opplæring**

Fokus på fellesskapet med kunnskap om konsekvensane for det einskilde barn

- **Tilpassa opplæring**

Fokus på det einskilde barn med kunnskap om konsekvensane for fellesskapet

# Spesialundervisning

- For dei få
- Skal sikre tilpassa og likeverdig opplæring for personar som ikkje har, eller som ikkje kan få, tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. (O.l. kap. 5)
- Knytt til enkeltvedtak (Forv.lova)

# ”En skole for alle – hvorfor det?”



Marit Mjøs, Statped Vest



- Dilemma:
  - Utfordringane *i praksis* er knytt til det faktiske mangfaldet av elevar som skulen til ein kvar tid har.
  - Utfordringane som gjeld tilpassa opplæring og inkludering oppstår og erkjennast på individnivå og løysast på systemnivå
- Gordisk knute! Komplisert og vanskelig. Det krev ny tenking og nye løysingar!
- Ein må knyte spesialundervisning og ordinær undervisning saman
- Nyten av spesialpedagogisk kompetanse er avhengig av korleis den blir brukt

# Oppsummering

- Mangfoldsperspektiv
- Likeverdig opplæring
- Tilpassa opplæring
- Alle skal vere del av eit fellesskap i ein inkluderande skule for alle



nr 1 ★ 2012

# ROM FOR LÆRING

ET MAGASIN OM INKLUDERENDE OPPLÆRING FRA STATPED

Morten og kompisene fra Farsund barne- og ungdomsskole

**Trivsel + læring = inkludert**  
Inspirerende møte med Skatval skole i Nord-Trøndelag



**Skolenett**  
- [www.skolenett.no](http://www.skolenett.no) -

SKOLEN I MERÅKER

SKOLEN I STJØRDAL

SKOLEN I TYDAL

Skolenett - Skolen i Stjørdal - Skatval skole

Skatval skole

Ansatte

FAU-SU

Kalender

SFO

#### Kontaktinfo



Sentralbord:  
Tove Ringø Næss tlf. 74 83 23 00

Rektor:  
Torill Gullvåg tlf. 74 83 23 02

Kontor fagledere  
Tlf. 74 83 23 01

Vaktmester:

## Velkommen til Skatval skole

Skolen ligger i landlige omgivelser 7 km nord for Stjørdal sentrum. På vår skole er det 283 barn og 45 ansatte.

Grunnverdiene vi bygger vårt arbeid på er:

- Alle mennesker er like verdifulle
- Alle har behov for å oppleve mestring
- Alle kan lære noe av andre
- Alle kan samhandle med andre

Med dette som verdigrunnlag arbeides det hver dag for at alle skal trives og være inkludert i fellesskapet. Trivsel er for oss en forutsetning for at arbeidet skal være lystbetont og gi maksimalt læringsutbytte.

Vi vektlegger estetiske og kulturelle opplevelser, og ønsker å bidra til at Skatval er et godt sted og bo og vokse opp i.

Torill Gullvåg  
Rektor

Oppdatert: 16.04.2012 11:55

#### Nyheter



## Case I

Anne er fire år og går i barnehage. Ho har problem med relasjonane til dei andre barna og vaksne i barnehagen. Ho skubbar, slår og bit, og har dårleg utvikla språk. Foreldre til andre barn i barnehagen reagerer. Barnehagen prøver å skjerme dei andre barna så godt som muleg, og vere i forkant i situasjonar der slik åtferd lett oppstår. Dei har tatt saka opp med foreldra til Anne, og ein har eit tett samarbeid, men foreldra har problem med å følgje opp heime (grenser og alternativ åtferd). Barnehagen har hatt rettleiing frå PPT, og saka er no meldt opp. Ein mistenkjer ein diagnose (autisme eller noko anna).

## Case 2

Ola er ein underdytar i skulen. Han har problem med å konsentrere seg og får gjort lite og ingenting i timane. Han forstyrrar undervisninga, handlar på impuls og kjem stadig i konflikt med medelevar. Han er meldt opp til PPT for utredning. I mellomtida får han i samråd med foreldra eit tilbod om alternativ opplæring utanfor skulen eit par dagar i veka. Der opplever han meistring og deltaking i eit akseptierende fellesskap.

Medaljens bakside: inngangsbilletten til dette tilbodet er å vere ”utfordrande nok” for omgjevnadene.

Case er henta frå Marit Mjøs sin artikkel ”En skole for alle – hvorfor det?” i artikkelsamling til Statped (2012).

## Case 3

Skulen har ei spesialgruppe med multifunksjonshemma elevar. Desse elevane og lærarane har ingen få møtepunkt med resten av skulen. Elevane treng mykje praktisk tilrettelegging og omsorg, og opplæringstilbodet avviker frå læreplanane. Elevane er likevel ganske synlege i skulekvardagen for resten av elevane på skulen. Spesialgruppa er tilfreds med å vere ein "utpost" på skulen.

Case er henta frå Marit Mjøs sin artikkel "En skole for alle – hvorfor det?" i artikkelsamling til Statped (2012).

# Diskuter desse spørsmåla:

(Case 1-4 er meint som hjelp i diskusjonen)

- Tenkjer barnehage, skule og andre instansar likt om inkludering i Suldal? Kva tenkjer foreldre?
- Kven er dei som skal inkluderast?
- Har me eit smalt eller vidt perspektiv på inkludering i Suldal?
- Korleis kjem inkludering konkret til uttrykk (eventuelt ikkje til uttrykk)?
- Korleis definerer me "ordinær opplæring" (barnehage og skule)?

**Noter ned tankar/innspill/meiningar for gruppa og lever inn!**

# Kjelder

Barnahagelova

<http://www.lovdata.no/all/hl-20050617-064.html>

Opplæringslova

<http://www.lovdata.no/all/hl-19980717-061.html#2-1>

Rammeplan barnehagen

<http://www.lovdata.no/cgi-wift/ldles?doc=/sf/sf/sf-20060301-0266.html>

LK 06 Generell del

<http://www.udir.no/Lareplaner/Generell-del-av-lareplanen/>

LK 06 Prinsipp for opplæringa

<http://www.udir.no/Lareplaner/Prinsipp-for-opplaringa/>

Brosjyre Utdanningsdirektoratet. Likeverdig opplæring. – et bidrag til å forstå sentrale prinsipper.

[http://www.udir.no/Upload/Brosjyrer/5/Likeverdig\\_opplaring\\_brosjyre.pdf](http://www.udir.no/Upload/Brosjyrer/5/Likeverdig_opplaring_brosjyre.pdf)

Kari Bachmann og Peder Haug 2006: Forsking om tilpasset opplæring. Forskningsrapport nr. 62. Høgskulen i Volda.

[http://www.udir.no/Upload/Forskning/5/Tilpasset\\_opplaring.pdf](http://www.udir.no/Upload/Forskning/5/Tilpasset_opplaring.pdf)

Utdanningsdirektoratet 2007. Kompetanse for tilpasset opplæring. Artikkelsamling

[http://bestilling.utdanningsdirektoratet.no/Bestillingstorg/PDF/Kompetanse\\_for\\_tilpasset\\_opplaring.pdf](http://bestilling.utdanningsdirektoratet.no/Bestillingstorg/PDF/Kompetanse_for_tilpasset_opplaring.pdf)

NOU 2009:18 Rett til læring.

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/nouer/2009/nou-2009-18.html?id=570566>

Manifest mot mobbing

[http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/veiledninger\\_brosjyrer/2011/manifest-mot-mobbing-2011-2014.html?id=632010](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/veiledninger_brosjyrer/2011/manifest-mot-mobbing-2011-2014.html?id=632010)

Tidsskrift: Rom for læring nr 1 2012

[http://www.statped.no/Global/6\\_Ressurser/Magasinet/2012\\_nr1.pdf](http://www.statped.no/Global/6_Ressurser/Magasinet/2012_nr1.pdf)

Salamanca-erklæringa (engelsk)

[http://www.unesco.org/education/pdf/SALAMA\\_E.PDF](http://www.unesco.org/education/pdf/SALAMA_E.PDF)

Marit Mjøs 2010: En skole for alle – hvorfor det? I "Utfordringer og undringer. En samling spesialpedagogiske artikler frå Statped Vest."

Red. Hjelmervik, Hartveit, Olsen. Statped skriftserie nr. 98

Jorunn Hoås og Randi Ese Ur: Prosjektoppgåve BI 2011: Om spesialundervisninga ved fem grunnskular i Suldal kommune.